



Ove Malvin Eknes  
Eidavegen 209  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3210 - 18/17172

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
29.05.2018

## Løyve til frådelling til uendra bruk - gbnr 239/8 Eknes ytre

### Administrativt vedtak: Saknr: 268/18

Heimelshavar: Ove Malvin Eknes  
Søkjjar: Ove Malvin Eknes  
Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.  
Søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

### Saksutgreiing

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådelling av om lag 750 m<sup>2</sup> frå gbnr. 239/8.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.09.17, ved ein feil har søknaden blitt liggjande uhandsama hjå oss, vi seier oss leie for eventuelle ulempe det har påført dykk.

Arealet som er søkt frådelt er bygd med lager/garasje, bygget var godkjent oppført i vedtak datert 15.09.1992

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 29.09.17 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF med spreidd bustadbygging.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Tiltaket oppfyller vilkåra for frådelling til uendra bruk.



### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av parsellen er synt i situasjonsplan dagsett 29.09.17.

### **Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp (VA)**

Tiltaket fører ikkje til auka/endra bruk. Tiltaket gjeld frådeling av ein parsell til uendra bruk. Bygget på eigedomen er godkjent som lager/garasje.

### **VURDERING:**

#### **Naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Det er observert bjørkefink nær det aktuelle bygget, kommunen si vurdering er at den omsøkte frådelinga ikkje vil vere til ulempe for arten. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **Vurdering av pbl § 26-1**

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følj vidare av pbl § 26-1 at oppretting/ending av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan dagsett 29.09.17, den etablerte bruken av eigedomen er som lager/garasje.

#### **Konklusjon**

Kommunen gjev løyve til oppretting av ny grunneigedom ved frådeling til uendra bruk, den nye parsellen er på om lag 750 m<sup>2</sup>, arealet vert frådelt frå gbnr.239/8.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 750 m<sup>2</sup> frå gbnr.239/8, løyve gjeld frådeling til uendra bruk. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan dagsett 29.09.17, jf. pbl. § 29-4.**
- 2. Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.**

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.**

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## Ansvar

*Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

## Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.17/3210.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Ove Malvin Eknes	Eidavegen 209	5993	OSTEREIDET
Ranveig Anny Eknes Reikerås	Eknes 95	5993	OSTEREIDET
Ranveig Anny Eknes Reikerås	Eknes 95	5993	OSTEREIDET
Wenche Eknes	Fanahammeren 24	5244	FANA
Wenche Eknes	Fanahammeren 24	5244	FANA

## Mottakarar:

Ove Malvin Eknes	Eidavegen 209	5993	OSTEREIDET
------------------	---------------	------	------------